

Rapport UNESCO Nærøyfjorden Verdsarvpark Utviklingskonferansen 2022

Fretheim Hotel, Flåm

22. November 2022



Sogn Nærings



SGNEFJORDEN
NÆRINGSHAGE®



«...UNESCO-ikoner som er **undervurdert, underkommunisert og underbudsjettet**, men som kan berike og beskytte omliggende kultursamfunn og økosystemer som omgir dem.»

Den internasjonale turismrapporten frå Havpanalet, 2022


Innhald



Samandrag og anbefalingar

1. Innleiing
2. Oppsummering av innleiingane
3. Oppsummering av Mentimeterundersøkinga
4. Oppsummering frå paneldebatten
5. Evaluering frå deltakarane

Vedlegg - kortversjon av innleiingane






Samandrag og anbefalingar

Det var 44 deltagarar til stades utanom innleiarane og arrangøren, med ei samansetting frå næringa, kommunane og hamnevesenet

- Innleiingane og paneldebatten hadde tydlege bodskap om å sjå på verdsarvstatusen og endringane i utsleppskrava som ein moglegheit og eit unikt konkurransefortrinn, samstundes som det vart peika på at omstillinga til eit utsleppsfritt samfunn allereie er i gong og at reisleivsnæringa må omstille seg så snart som råd. Det vart også uttrykt uro for konsekvensane knytt til verdiskaping og investeringar i landstraum og løysingar for grøn energi som følgje av reduserte cruiseanløp knytt til strengare utsleppskrav.
- Mentimeterundersøkinga i plenum synte at det var stor overvekt av aktørar på konferansen som meiner at verdsarvstatusen og strengare utsleppskrav må oppfattast som konkurransefortrinn, og som i mykje større grad må følgjast opp med innovasjon og nytenking knytt til marknads- og produktutviklinga. Dette står i kontrast til meaningsytringane som kjem fram i media og i andre samanhengar frå einskildaktørar, og er særsviktige signal knytt til vidare strategisk reisemåls- og lokalsamfunnsutvikling.
- Evalueringa av konferansen syner at deltakarane var særsviktige nögd med innhaldet (vurdering på 4,36 av 5), og at dei ynskjer at versdarvparken skal ta liknande initiativ til felles møteplassar, koordinering og utviklingstiltak.



Refleksjonar frå 2469 Reiselivsutvikling AS

- UNESCO verdsarvstausen er unik i nasjonal og internasjonal samanheng. Den krev særskilte vernetiltak, og kan nettopp med bakgrunn i dette nyttast vesentleg meir for å utvikle unike, verdsarvbaserte opplevingar med høg kvalitet, høg pris og høg berekraft som skiljer seg frå andre fjordprodukt og naturbaserte reisemål. Dess meir unikt og særskilt reisemålet framstår, dess større vil etterspurnaden og betalingsviljen vere. Utvikling av tilbod og profil knytt til regenerativ turisme bør inkluderast – sjå meir her
- Når det gjeld 2026-vedtaket bør alle deler av reiselivsnæringa vektlegge omstettingsarbeidet i produktutviklinga og marknadsarbeidet umiddelbart for å vere tidleg ute i forhold til det grøne skifte, sikring av ny verdiskapande aktivitet som erstatning for redusert omsetning frå cruise og utnytting av verdsarvstatusen i vesentleg større grad som eit heilt unikt konkurransefortrinn. Samstundes vil det vere bra for reiselivet og Norge som reisemål om vedtaket vert tilpassa slik at det gjeld om lag like strenge reglar for alle fjordane/heile landet og alle parti på fjorden. Dette vil ha ein sterkare samla miljøeffekt og gi kraftigare incentiv for utvikling av nye verdiskapingsløysingar, moglegheiter og omstilling i heile reiselivet.
- Verdsarvparken bør i samarbeid med Visit Sognefjord, Visit Voss og næringselskapa/-hagane i større grad ta ansvar for:
 - Dialog og møteplassar med utgangspunkt i særskilte tema, aktørkopplingar og fellesarenaer – dvs. fleire tematiske møter og dialogmøter med særskilt inviterte i tillegg til ein felles møteplass ein gong i året. Her kan det mellom anna vere nyttig å invitere aktørar med ulike syn saman med eksterne aktørar og ein moderator for å diskutere løysingar og felles strategiar, i tillegg til nokre få, mindre møteplassar med utvelde aktørar for detaljert dialog om strategiar, tiltak og prosessar som gjeld utvelde tema, utfordrings- og moglegheitsområde. Aktuelle tema kan vere profilutvikling, nye marknadsmoglegheiter, marknadsorientert produktutvikling, fellesgodeforvaltning- og finansiering, lokalsamfunnsinvolvering, kompetansehevingstiltak og konkretisering av strategiar og tiltak knytt til vertskapsrolla.
 - Produktutvikling og program for nærings- og områdeutvikling – til dømes koordinering av ressursar frå næringshage-programmet og næringselskapa, løysingar for fellesgodefinansiering, tiltak for kompetanseheving i næringa og kommunane og eit eige verdsarv-vertskapsprogram
 - Utvikling av ein eigen profil, «tone of voice» og særskilte marknads- og salstiltak for maknadsføring av det unike verdsarvområdet

Refleksjonar frå 2469 Reiselivsutvikling AS

- Verda står framfor utfordringar som gir omfattande behov for innovasjon og endring i produksjonsprosesser og tenester. Utsleppsfrie energisystem, berekraftige og sirkulære forretningsmodellar, effektiv samfunnsorganisering og klimavennleg livsstil og forbruk inngår i omstillingsspresset som gjeld for alle næringar. Omstillinga vil kreve haldningsendringar, endra nasjonal politikk og forpliktande internasjonale avtalar. For reiselivet - der små opplevelingsaktørar opererer i same verdikjede som store transportørar - er auka berekraft og grøn omstilling avhengig av forente mål, tydelege grep og gode målingar, gjort av leverandørane. Endringar i markedene og turistane sin auka merksemdund kring miljø- og klimapåverknaden frå eigne reiser stiller krav til at reiselivet tek inn over seg desse omsyna i eigen utvikling, og at dei klarer å bevise og synliggjere dette. Dette vart forsterka under pandemien. **Berekraftig reiselivsutvikling** som grunnlag for forretningsmodellar slik at berekraftig utvikling ikkje berre vert «grønnvasking» av omgrep, er ei utfordring for reiselivsnæringa.
- Verdsarvstatusen og særskilte utslepps- og vernekrev må nyttast særskilt til ei langsiktig, bærekraftig reiselivsutvikling i tett dialog med lokalsamfunna der ein vektlegg både livskvalitet for fastbuande, verdiskaping og lønsemd i tillegg til det fremste innan miljømessige løysingar
- Masterplanen for Sogn og merke som berekraftig reisemål krev konkret oppfølging av strategiar og tiltaksområde, og set samstundes krav om etablering av ei regional destinasjonsleiing samansett av kommunane, næringa, hamnevesenet, verdsarvparken, verneområda, interesseorganisasjonar, Visit Sognefjord m.fl. Ei slik destinasjonsleiing vil vere eit viktig samarbeidsfora for utvikling av verdsarvområdet. Innanfor dette er det viktig at ei samla næring og alle kommunane føl opp mål, strategiar og tiltak i masterplanen og krava til berekraftig reiselivs- og lokalsamfunnsutvikling i alle deler av utviklinga.
- Innspela under Utviklingskonferansen syner at aktørane med klart fleirtal ser verdsarvstatusen og strengare utsleppskrav som ein uutnytta moglegheit, og at ein ynskjer nytenking og innovasjon i reiselivsutviklinga. Dette står i kontrast med synspunkt som kjem fram frå einskildaktørar i media, og bør formidlast tydeleg frå verdsarvparken i media, i eigne fora og i vidare dialog om utviklinga av verdsarven og reisemålet.

1. Innleiing

Utviklingskonferansen 2022

Nærøyfjorden Verdsarvpark inviterte i samarbeid med Visit Sognefjord og Sogn Næringshage til dialogkonferanse tysdag 22. november kl. 08:30 – 15:30 på Fretheim Hotel:

«Nærøyfjorden sin UNESCO verdsarvstatus som konkurransfortrinn mot 2030 – korleis bli eit av verdas best tilrettelagte, mest lønsame og mest miljøvenlege reisemål, lokalsamfunn og verdsarvområde?»

Målsettinga med konferansen var å spele opp til ein konstruktiv, framtidsretta prosess for utnytting av Nærøyfjordområdet sin verdsarvstatus som konkurransfortrinn, og synleggjere potensialet i statusen som ein drivande positiv faktor i framtidig besøks-, næring- og samfunnsutvikling.

- Korleis kan verdsarvområdet og denne regionen skilje seg ut som reisemål og ta ein endå tydlegare posisjon i eit framtidig reiseliv som Fyrtårn og Grønt Reisemål med reelt innhald?
- Kva kan gjerast for å styrke samarbeid og samhandling som kan føre til betre besøksfordeling i tid og rom, enno større lønsemd, enno betre miljømessig berekraft og enno betre opplevelingar for gjestene?
- Kan Aurlandsfjorden/Nærøyfjorden bli det fremste reisemålet for cruisegjester med redusert mottak av cruisebåtar?

Nokre sentrale diskusjonstema var grøn mobilitet, «riktige» målgrupper, marknader og reisestraumar, infrastruktur og tilrettelegging av fellesgoda, framtida for cruiseturismen i Nærøyfjorden, Sognefjorden og Vestlandet, og verdsarv-statusen som konkurransfortrinn: korleis vidareutvikle verdsarvkvalitet og innovasjon i produkta, opplevelingane og lokalsamfunna?





Utviklingskonferansen 2022

Utviklingskonferansen skal være første del av flere møteplassar for langsiktig, berekraftig utvikling av verdsarv-området som reisemål og lokalsamfunn.

Denne rapporten oppsummerar konferansen og legg fram forslag til oppfølging – inklusiv forslag til kort kommunikasjons- og tiltaksplan – i tillegg til plan for oppfølging med påfølgjande fora og møteplassar for konkretisering av innovasjon og tilrettelegging i verdsarvområdet.

Nokre aktuelle tema for oppfølging kan vere *innovativ opplevelingsutvikling, grøn mobilitet i praksis og tilrettelegging og finansiering av fellesgode*.

På oppdrag for Nærøyfjorden verdsarvpark,

Ståle Brandshaug

Partner og rådgjevar

2469 Reiselivutvikling AS

Tid	Tema	Innleiar
08:30 – 08:50	Verdsarvstatusen – forsaking eller fortrinn?	Nærøyfjorden verdsarvpark, styreleiar David Undredal
08:50 – 09:10	Reiselivet på Vestlandet mot 2030 – er me på rett veg?	Vestland fylkeskommune, fylkesvaraordførar Natalia Golis
09:10 – 09:30	Grøn mobilitet og nye reisemønster	The Fjord Tours Group, Kristian Jørgensen
09:30 – 09:50	Kva skal til for vidare verdiskaping i reiselivet?	ARU/Norway's Best, Vidar Hauståker
09:50 – 10:00	Pause	
10:00 – 10:20	Kva er ideen bak Northern Xplorer?	Northern Xplorer, Rolf Sandvik
10:20 – 10:40	Cruiseutviklinga på Vestlandet etter 2026	Cruise Norway/Aurland hamn, Jon Olav Stedje
10:40 – 11:00	UNESCO verdsarvområdet mot 2035	Voss Herad, Hans Erik Ringkjøb
11:00 – 11:30	Råmehøve og verdien av verdsarvstatusen	Hilde Charlotte Solheim
11:30 – 12:30	Lunsj	

Tid	Tema	Ansvarleg
12:30 – 13:45	Mentimeter: innspel & diskusjonar i plenum <p>Tema 1: <i>Korleis kan verdsarvstatusen bli eit konkurransefortrinn?</i></p> <p>Tema 2: <i>Korleis utvikle framtidsretta og innovative opplevingar med verdsarvkvalitet i alle deler av reiselivsprodukta, opplevingane og lokalsamfunna?</i></p>	Styring v/moderator 2469 Reiselivsutvikling, Ståle Brandshaug
13:45 – 14:00	Pause	
14:00 – 15:15	Paneldebatt og diskusjon i plenum Innleiingar frå panelet med innspel til diskusjon	Innleiarane og 2469 Reiselivsutvikling, Ståle Brandshaug
15:15 – 15:30	Oppsummering og vegen vidare	Nærøyfjorden Verdsarvpark og 2469 Reiselivsutvikling, Ståle Brandshaug

2. Oppsummering av innleiingane

Innleiingane

Nærøyfjorden verdsarvpark:

- Me ynskjer å fremje UNESCO-statusen som noko som kan gje inspirasjon til utvikling og vidare satsing. Å synleggjera potensialet og konkurransefortrinnet, som me tek utgangspunkt i som ikkje fullt utnytta.
- Innskrivinga på UNESCO si kultur- og naturarvliste er ei internasjonal anerkjenning av at dette området er av ein eineståande universell verdi – og at den internasjonale fellesskapen forventar at Norge tek eit ansvar med å forvalte denne verdien slik at den vert halden intakt. Difor er det eit krav frå UNESCO at dei landa som får verdsarvstatus forpliktar seg til å ta vare på objekta. Dette gjer ein ved å innføra nasjonale formar for vern som eit prov på at ein tek nasjonalt ansvar og anerkjenner at objektet òg har ein verdi for landet der objektet ligg.
- Anten så ser ein på verdsarvstatusen som eit kjempefortrinn som gjev økonomi, set rammer for å stimulere til grønare berekraftige reiseliv og som eit stort trekkplaster for å få gjester inn i området. På den andre sida så vert statusen nærmast sett på som ei forsaking av moglegitetene for å utvikle og gjera noko i området. Verneforskrifta for landskapsvernområdet i tillegg til Stortinget sine vedtak om særkrav for verdsarvfjordane vert problematiserte og UNESCO-statusen får skulda.
- Me må ikkje gløyme at poenget med ei slik anerkjenning er å framheva universelle verdiar som menneskeheita bør ta vare på for all ettertid. Noko Norge ilag med resten av verda har forplikta seg til gjennom Verdsarvkonvensjonen. Eg minner dykk om dette, fordi sjølv om verdsarven er eit kvalitetsstempel og ei gullgruve for marknadsføring – så er ikkje det kva det primært handlar om.
- Kan ein vera kritisk til innretninga på Stortinget si avgjerd om nullutslepp og ynskje revisjon av verneforskrifta, samstundes som ein er forkjempar for verdsarvstatusen? Eg meiner, sjølv sagt kan ein det. For det er ikkje den same tingen. Det eine er ei internasjonal anerkjenning. Det andre er korleis me har tenkt å ta vare på det – og det er jo vår interne sak. Verdsarvstatusen og UNESCO vert ofte trekt fram som problemet – og det meiner eg er eit teikn på at ein ikkje vil ta inn over seg korleis tinga heng i hop.
- Det er ikkje nok å nemne UNESCO i marknadsføringsmaterialet. Me må ta statusen inn i samfunnsplanlegginga vår, me må gjera den til ein del av identiteten vår – både som næringsaktørar og som innbyggjarar. Slik vil me utøve ein større del av definisjonsmakta over kva verdsarvstatusen skal representera for oss.


Innleiingane

Vestland fylkeskommune:

- Tilpassing til FN sine berekraftmål vert vektlagt i strategisk næringsplan for Vestland fylke
- Lokale strategiar og tiltak knytt til dette vert viktigare framover

Fjord Tours gruppen:

- Grøn mobilitet opnar for nye utsleppsfrie reisemønster og rundturar med kombinasjon av tog, buss, båt og bil
- Tiden er inne for å industrialisere norsk reiseliv – etablere kraftsenter for distribusjon, høg kvalitet og bærekraftig turisme
- Den nasjonale reiselivsstrategien har ambisiøse mål om reduserte klimaavtrykk og auka verdiskaping
- Norway in a Nutshell skal bli den første heilelektriske, grøne rundturen i Norden
- Stortinget diskuterer krav i for nullutslepp for alle cruiseskip i norske farvatn innan 2026
- UNESCO verdsarven er eit kraftfullt konkurransefortrinn for å bygge bærekraftig, grøn kvalitetsturisme
- UNESCO Nærøyfjorden verdsarvområde bør tilpasse seg nye råmehøve og nye moglegheiter – when you're finished changig, you're finished!





Innleiingane

Aurland ressursutvikling:

- ARU driv eksportretta verksemd i konkurransen med dei største turistattraksjonane i verda, og har fokus på innovasjon og berekraft
- Flåm er eit velfungerande reisemål og knutepunkt i regionen, og er bygd opp basert på ein variert kundestraum
- Flåm/Aurland ynskjer å vere i front på berekraftig reisemålsutvikling
- Flåm har investert og utvikla produkt på grunnlag av langsigktige rammevilkår, og ynskjer å bidra til finansiering av berekraftig infrastruktur, også i landstraumanlegg. Dette krev føreseilege og langsigktige rammevilkår for å få til ønskt utvikling
- Cruise er viktig for Flåm. Cruise står for 20-25% av gjestestraumen og ein stor andel av cruisepassasjerane går i land. Cruise gjestene svært godt nøgde med Flåm som hamn og reisemål. Store skip til kai skapar størst lokal verdiskaping, og cruise er viktig heile året, men spesielt utanfor høgsesong. Omsetningsveksten er på 78% med cruiseanløp samanlikna med dagar utan cruiseanløp.
- Cruisenæringsa er ei offensiv næring som jobbar målretta med ulike løysingar, men ting vil ta tid til tross for sterkt teknologiutvikling vil det ta tid å omstille cruiseflåten
- Vi er klare for omstilling og helsar ei rein cruisenærering hjarteleg velkommen, men vi er opptekne av vegen dit må ivareta det som gjennom 25 år er bygd opp til eit velfungerande reisemål

Innleiingane

Northern Explorer:

- Northern Explorer – «a better, greener cruise experience»
- Null- og lavutslepp ekspedisjonscruise med 250-300 om bord som kan gå til alle typer hamner fra 2026, og som imøtekjem komande utsleppskrav
- Lenger opphold per reisemål med kopling mot lokale aktivitetar, servering og overnatting og inkludering av fleire, nye reisemål og unike, berekraftige reisemål langs norskekysten – i første omgang rundt Narvik, Ålesund og Bergen
- Endringar i etterspurnaden: 78% ynskjer «ekte» opplevingar, 86% ynskjer å oppleve nye kulturar, 71% er villige til å betale meir enn 50% meir for unike opplevingar.

Voss herad:

- Verdsarvstatusen er utvilsamt, og fyrst og fremst, det mest høgthengande internasjonale kvalitetsstemelet som er råd få. Det seier mykje om kva einstaande og umistlege verdiar og kvalitetar vårt kvar dagslandskap representerer. Har me som innbyggjarar i det heile teke innover oss denne dimensjonen?
- Kan det bli etablert ein felles kultur knytta til kva me vil – mindre gjennomkjøring og meir å vera og å læra?
- Verdsarven skal vere eit fyrtårn der ein går i front for å ta vare på ressursane og sikre ei berekraftig utvikling
- Verdsarven er, kan og skal vera ei kjelde til verdiskaping. Utfordringa her vert å finne ei vekting og balanse der verdsarven er sjølve gåva og ikkje berre innpakkingspapir
- Utan lokal legitimitet står verdsarven i fare. Me må forstå kva det vil seie – kjekt å ha, men kjem med ein pris!
- Me har ein arv å forvalta, og me skal ta vare på kvalitetane - VerdsARVen er som anna arv ein verdi og forplikting som me tek over frå ein generasjon til neste, forvaltar i vår tid og gjev vidare til neste generasjon - helst i betre stand!





Innleiingane

Cruise Norway/Aurland hamnevesen:

- Utfordringar knytt til rammebetingelsane for cruisenæringa – [like arbeids- og lønnsvilkår, nye Mva krav](#) og nye utsleppskrav, i tillegg til EU's klimapakke [Fit for 55](#) og IMO [Marpol Annex VI EEXI](#)
- Cruisebransjen er drivar i det grøne skiftet i den maritime industrien med bl.a. Net Zero innan 2050 (CLIA, RCCL, MSC, Carnival Corporation), 40% reduksjon av karbonintensitet i forhold til 2008 innan 2030 (IMO) og stort fokus på energieffektivisering
- Næringa ser sjølve behovet for endring. Det finnes 320 cruiseskip no og 55 nybygg innan 2026. Dei fleste på LNG. 30% av skipa og 60% av kapasiteten er store skip (4000+). Fuel cells er installert på Viking Neptun (100kw) og MSC World Europa (150 kw)
- Investerer tungt i utvikling på blant anna: Biogass, Fuel cells, Hydrogen/Methanol, Hydrogen flytande/komprimert, Karbonfangst og lagring, Ammoniakk
- Ynskja situasjon for verdsarfjordane:
 - Oppretthald gjeldande reguleringar for Tier III frå 2025, men tilpass reguleringane for NOX som følgjer:
 - Dersom landstraum er tilgjengelig og nyttast i hamn, tillat skip med eit nivå lågare Tier-notasjon å gå inn.
 - Etabler smarte reguleringar som moglegger Tier-oppfyllelse med minimum ein hovudmotor oppgradert til Tier III- ekvivalent for bruk i hamn i områder med særskilt regulering.
 - Innfør dette på en praktisk måte. Et første skritt kan være å krevje at skipet skal være Tier III-ekvivalent når til kai. Dette vil sikre at ca. 80% av utslippene i og rundt hamna vil være Tier III-ekvivalent.
- I Flåm har ein ambisjonar om etablering av landstraum som ein power-HUB på tvers av sektorar og ulike typer party, og ENOVA har gitt NOK 27 mill. i støtte basert på konvensjonelle cruiseskip og landstraum-standarden for cruiseskip.

Innleiingane

Hilde Charlotte Solheim:

- Å strekke seg fra toppen av behovspyramiden: jakten på *autentisitet, identitet og transformative opplevelser*
- Omdømmekriser går ikke over. Hva betyr det å være «den nye tobakken»? Utslipsversting og gresshoppesverm, eller distriktenes redning? «Back to business», eller frisk og grønn restart?
- Alle næringer opplever strengere reguleringer – hvorfor skal reiselivet beholde «licence to operate»?
- Å rydde opp i et negativt fotavtrykk, kan være det mest lønnsomme man gjør – ref. industrien og Forurensingsloven der tøffe miljøkrav ga oss ren og konkurransedyktig fastlandsindustri.
- Hva kan vi lære av verdensarvutviklingen i Røros: organisering av fellesoppgaver over tid, godt vernearbeid, autensitet i produktutvikling og markedsføring, økende kultur for innovasjon, gründerånd og entreprenørskap.



3. Oppsummering av Mentimeterundersøkinga



Mentimeter

Verdsarvstatusen

- 41 av 44 (93,2%) meinte at verdsarvstatusen er eit konkuransefortrinn for reiseliv- og lokalsamfunnsutviklinga
- 69,7% (30 av 43) meinte ar verdsarvstatusen er viktig for omdømmet til kommunen og regionen
- 69,7% (30 av 43) meiner at kommunane og næringa ikkje har klart å utnytte heile potensialet som ligg i verdsarvstatusen enno
- 39 av 44 (88,6%) meinte at ein bør tenke nytt med innovasjon og vidareutvikling rundt verdsarven i reiselivs- og lokalsamfunnsutviklinga

0-utsleppsvedtaket

- Utsegnet om at 0-utsleppsvedtaket kan nyttast som eit konkuransefortrinn for utvikling av reiselivsnæringa fekk ein score på 3,9 av totalt 5 frå 44 respondentar. Utsegnet om at vedtaket øydelegg for reiselivsutviklinga fekk berre ein score på 2,3 av 5.
- Dei fleste meinte at det bør gjerast tilpassingar i 0-utsleppsvedtaket, der «det bør gjelde for heile landet» og «det bør gjelde for alle party på fjorden» vart høgst vekta med hhv. 4,1 og 3,9 av 5.

Ordskyane

- Orda *kvalitet, vern, konfliktar, beskyttelse, makalaus og levande kulturygd* vart framheva som det mest positive med verdsarven, der ordet *kvalitet* var det sterkeste
- Orda *ingenting, misforståelse, naturslitasjoen og hindring* vart framheva som det mest negative med verdsarvstatusen, der ordet *ingenting* var det sterkeste
- Orda *samarbeid, kompetanseheving, framsnakkning, verdsarvsenter og kvalitet* vart framheva som ord for å utnytte statusen framover, med ordet *samarbeid* som det sterkeste
- Orda *makalaust, kvalitet, ekte, autentisk, miljø og klima og levande* vart framheva som ord for bodskapet om verdsarvområdet i marknadene, med orda *kvalitet* og *ekte* som dei sterkeste

Korleis utvikle framtidsretta og innovative opplevingar med verdsarvkvalitet i alle deler av reiselivsprodukta?

Samarbeid

- Nyte kapasiteten i ulike eksisterande klynger – mellom anna styrke samarbeidet med Visit Sognefjord og næringshagen
- Samarbeide på tvers i heile verdikjeda og heile samfunnet – dette må forsterkast gjennom nøytrale plattformar og tilrettelegging, og verdsarvparken må ha tettare dialog med næringslivet og involvere lokalt næringsliv i verdsarvforvaltninga
- Større grad av samarbeid med heile Sogn – samarbeid for å få gjestene til å bli lenger, og alle verdsarvkommunane må ta eit meir aktivt eigarskap
- Samarbeid med andre verdsarvområde internasjonalt – lære av andre område; legge opp til dialogmøter, workshops og studieturar

Produktutvikling

- Utvikle kulturopplevingar og nyte kulturarven saman med «møte med dei lokale» og lokale matopplevingar – skape kontakt mellom reisande og lokalbefolkinga
- Vidareutvikle turområda og aktivitetar langs heile fjorden – autensitet og lågterskel aktivitetar for «alle»
- Sjå på heile kundereisa og avdekke svakheiter i forhold til framtidige kundar sine behov og forventningar. Ein må tote å tenkje nytt og la det vere lov å kome med «galne» idear

Miljø

- Omstille reiselivet til å fokusere meir på å bruke det lokale næringslivet og sakte turisme – auke kunnskapen om sårbarheten og bygge tilbod som har lågt økologisk fotavtrykk og synleggjere kva som er grønt i reiselivssatsinga
- Grøn mobilitet - utvikle komplett intern utsleppsfree transport med kopling mellom private og offentlege tilbod og som er lett å booke – bruk fjorden meir som transportårer og gjøre lettare å forflytte seg mellom alle bygdene og stadene i regionen
- Ein må ikkje ta vekk den lokale evna til kommersiell miljøinnovasjon – ein må bli ei leiande destinasjon for verdiskaping og grøn energi. Landstraum til båt, bil og buss og ladepunkt til båtar i hamnene.

Korleis utvikle framtidsretta og innovative opplevingar med verdsarvkvalitet i alle deler av reiselivsprodukta?

Natur- og kulturforvaltning

- Lage «åtfærdsreglar» for korleis du som kunde oppfører deg i natur- og kulturarven, og få på plass «park rangers»
- Fokus på omdømme og utvikling av tolegrenser – avgrensa talet på besøkande?

Marknadsføring og formidling

- Utvikling av godt vertskap og auka kunnskap om verdsarven - tilby kurs, vidareutdanning, kompetansehevingstiltak og studieturar internt og utanfor regionen og utvikle historieforteljing for formidling av verdsarvverdiane
- Forsterka marknadsførings- og salsretta tiltak

Rammeverk

- Etablere eit fleirårleg omstillings- og verdiskapingsprogram med verdsarvstatusen som premiss
- Et regionalt tilpassa regelverk/lovverk må på plass
- Inkludere verdsarvstatusen i det kommunale planverket og legge strategiar for å utvikle lokalsamfunna i ynskja lokal verdiskapande, berekraftig retning



Korleis kan ein styrke kompetansehevinga i næringa og servicefunksjonane i verdsarvområda?

Opplæring

- Ta i bruk Innovasjon Norge sine kurs – etterspør kurs dei eventuelt manglar
- Sette krav til utdanning og legge til rette for vidareutvikling av dei tilsette
- Etabler felles «kompetansedagar» for kommunane, næringa og innbyggjarane – skape stoltheit for området
- Skape forståing for vertskapsansvaret og vertskapsrolla me alle har – etablere obligatoriske entreprenør- og vertskapskurs, og drive opplæring i lokalkunnskap om naturverdiane, kulturarven og sårbarheit for alle som jobber med reiseliv

Erfaringsbasert læring

- Hauste erfaringar frå andre i landet og utlandet
- Tilby fleire mentorprogram der ein bedrifter hjelper kvarandre – gjerne kopling til andre næringar for å lære
- Systematiser fakta, innsikt og kundeundersøkingar

Samarbeid

- Styrke samarbeidet på tvers av næringane – opptre i fellesskap som eit samla lokalsamfunn og opprette fleire møteplassar for erfaringsutveksling
- Nutte næringshageprogrammet som me har i heile Sogn
- Verdsarvorganisasjonane må vere meir framoverlente mot næringslivet og bygge kunnskap om moglegheitene



Korleis kan ein auke lønsemda frå reiselivet i verdsarvområdet?

Produktutvikling

- Satse tungt på marknadsretta produktutvikling og heilårleg satsing – pakke produkta betre med oppleveligar i fleire dagar, og bygge meir på lokale verdiar og kvalitetar, og ha meir fokus på lokale råvarer og produkt
- Auke prisane – ta høgare pris for dei unike opplevelingane me tilbyr, og bli betre på prisdifferensiering (verdsarvkvalitet). Sett miljøkrav og pris produkta der etter
- Sikre at dei besøkande møter kvalitet og unike, eksklusive oppleveligar uansett kva oppleveling dei nytter – auke kvaliteten på opplevelingane og tilboda, og sikre kvalitet ved bruk av Varde sertifisering
- Utnytte heile området – sende gjestene utover, og aksepter volum og vekst

Målgrupper

- Satse på nye kundesegment som blir lenger i området – meir baseturisme
- Få på plass felles plattform for marknadsføring og booking
- Vektlegge lokale næringskjeder
- Lag ei ordning for sertifiserte guidar



Korleis kan ein auke lønsemda frå reiselivet i verdsarvområdet?

Infrastruktur

- Få på plass betre ordningar for søppelhandtering og toalett i heile området
- Styrke kvalitet og kvantiteten på kollektivtransporten – gjere alle bygdene og område lett tilgjengelege
- Set krav til ferdsel på fjorden for å få færre men meir robuste aktørar på fjorden
- Forby store køyrety på Lærdalsfjellet og sett inn elektriske småbussar i skytteltrafikk i sommarsesongen

Marknadsføring

- Bruk UNESCO-statusen meir
- Felles marknadsførings- og salsplattform

Korleis kan ein tenke nytt i forhold til transport, reiseruter og reisemønster i verdsarvområdet?

Transportutvikling

- Enno meir bruk av fjorden – «fjordbuss» som inkluderer lokalbefolkinga mellom bygdene og kommunane, og heilårsrute Bergen - Flåm
- Nulltslepp og elektrifisering
- Del opp Aurlandsdalen i fleire etappar
- Stenge for biltrafikk i sentrumsområda
- Forbetre moglegheitene for sykling i verdsarvområdet
- Etablere «timesbuss» og gang og sykkelveg mellom Flåm og Aurland

Samordning og forenkling

- Betre integrasjon og samordning mellom offentleg og privat transport
- Forenkla booking og ruteinformasjon for å sette sammen si eiga reiserute i området (merk: entur.no og Google maps har noko av dette)
- Samarbeid om felles, samanhengande transportløsingar
- Styrke samarbeidet mellom Visit Sognefjord, Visit Voss og Visit Hardanger

Rammebetingelsar

- Halde Lærdalstunnellen open
- Etablere grenser for maks antall party på fjorden for å levere på kvalitet

Kva kjenneteikn meiner du blir viktig ved målgruppene og marknadene fram mot 2030?

Kvalitet, klima og miljø

- Aktive reisande som er opptekne av kvalitet, klima og miljø – «slow travelers»
- Ansvars- og bærekraftbevisste reisande – meir kortreista kundar
- Kundar som vel bedrifter som kan legge fram klimerekneskapen sin

Lenger opphold og høgare forbruk

- Baseturistar som blir lenge og bruker mykje – dei som søker totalopplevelingar og tilbod til heile familien

Natur og kultur

- Kulturturisten som ynskjer ei sjelleleg oppleveling for livet
- Natur- og kulturopplevelingar for heile familien

Kvalitet

- Mindre grupper med auka forventing til kvalitet og djupare opplevelingar – har god kunnskap om området
- 50+ som ynskjer moderat fysisk aktivitet med naturopplevelingar, og unge vandreturistar
- «Kvardagsopplevelingar» i verdsklasse – 100% grønn turisme



Korleis kan ein gjere lokalsamfunna betre i verdsarvområdet?

Besøksstyring

- Etablere strukturar for besøksstyring – besøksstyring og tilrettelegging innanfor bygdene sin kapasitet og tålegrense
- Avgrense trafikk på vegane og kunne styre turiststraumane og spreie dei i heile kommunen
- Respektere total besøksmengd i dei ulike bygdene

Fellesgodefinansiering

- Innføre ordning for turistskatt og fellesgodefinansiering

Involvering av lokalbefolkninga

- Lytte meir til lokalsamfunna – ein god stad å bu er ein god stad å besøke
- Skape møteplassar/tilbod som koplar lokale og tilreisande
- Ta med dei lokale i diskusjonar om tiltak
- Alle innbyggjarane må forstå sitt ansvar for vertskapsrolla – skape stoltheit i å ta i mot besøkande

Korleis kan ein gjere lokalsamfunna betre i verdsarvområdet?

Utvikling av området

- Området må kunne utvikle seg som ein del av eit moderne samfunn – ikkje bli eit museum
- Vere god på informasjon til gjestene i forkant – korleis oppføre seg, kven er lokalbefolkinga og «lokal etikette»
- Vidareutvikle verdens leiande cruisedestinasjon med tanke på utslepp, innovasjon og lokal verdiskaping på lag med stolte innbyggjarar

Infrastruktur

- Bygge ut kapasiteten på vegane og parkeringsplassar
- Fjerne støvplagene og støy frå gruvedrifta
- Betre tilgang til offentlege toalett

Samarbeid og mål

- Samarbeid på tvers av vertskommunane
- Ha mål om minst 200 nye arbeidsplassar i reiselivet i Aurland



Gi ei kort beskrivelse av «draumescenarioet» for reiselivet og lokalsamfunna i verdsarvområda for 2030

Miljø

- Verdas beste grøne reisemål
- Miljø- og klimabeviste baseturistar med sans for kvalitet og sterke opplevingar
- 100% elektrisk

Reisande

- Gjestene kjem, blir og vil knapt reise vidare!
- Jevn besøksstraum heile året
- Reis sakte – opplev meir!
- Gode transportmoglegheiter og null utslepp. Gode tilbod på lokal mat og opplevingar. Ope heile året. Meir lokal tilknytning.
- Gjester som blir lenger og nyttar fleire tilbod
- Aktive gjester so enkelt kan kome seg mellom aktivitetar utsleppsfrift

Vertskap og trivsel

- Blide turistar heile året der lokalbefolkinga er aktive og ynskjer dei velkomne
- Bilde innbyggjarar, blidt vertskap og blide gjester

Autentisk fjordlandskap

- Levande kvardagslandskap i sakte modus
- Autentiske bygder der turistar og lokalbefolking snakkar saman

Transport

- Fungerande logistikk heile året
- Sognebåten ha endestogg i Flåm
- Kan ein styre cruisetrafikken utanom «høgsesongen» juni – august?
- Færre store cruiseskip – heller meir av dei mindre

Resultat frå Mentimeterundersøkinga




Korleis kan verdsarvstatusen bli eit konkurransefortrinn?



Det at 41 av 44 på konferansen ser på verdsarvstatusen som eit konkurransesfortrinn er eit særstykke sterkt signal om at aktørane ynskjer å bygge vidare på statusen som grunnmuren i reiselivs- og lokalsamfunnsutviklinga

Er verdsarvstatusen eit konkurransesfortrinn for reiselivs- og lokalsamfunnsutviklinga?

Mentimeter




30 av 43 (70%) meiner at verdsarvstatusen er veldig viktig for omdømmet til kommunen og regionen. Dette understrekar styrken og forankringa verdsarvstatusen har hjå dei lokale aktørane.



Kor viktig meiner du verdsarvstatusen er for omdømmet til kommunen og regionen?

Mentimeter




43



70% meiner ein ikkje har utnytta heile potensialet som ligg i verdsarvstatusen. Dette gjer at viljen framstår som stor hjå dei lokale aktørane til å vidareutvikle verdsarvområdet, og vektlegge nytenking og innovasjon

Har kommunane og næringa klart å utnytte heile potensialet som ligg i verdsarvstatusen?

Mentimeter



43






Korleis utvikle framtidsretta og innovative opplevingar med verdsarvkvalitet i alle deler av reiselivsprodukta?

Korleis bør ein nytte verdsarvstatusen i utvikling av reiselivet og lokalsamfunna framover?

Mentimeter

Det at 39 av 43 meiner at ein må tenke nytt i utviklinga av reiselivet og lokalsamfunna, og berre 5 av 44 meiner ein må halde fram som i dag, er eit særskilt strekt signal om at reiselivet ynskjer å utvikle seg mot nye marknader, produktløysingar og innovative satsingar for ei meir berekraftig utvikling av regionen.



Utsleppskrava i Verdsarvfjordane

Utsleppskrava i verdsarvfjordane


Det er overraskande at utnytting av 0-utseppsvedtaket som et konkurransefortrinn vert vurdert til 3,9 av 5 som høgste verdi, medan den øydeleggjande effekten berre vert vurdert til 2,3.

Saman med tilbakemeldingane på spørsmåla om verdien av verdsarvstatusen og ynskje om nytenking i vidare utvikling, kan dette tolkast som at dei lokale aktørane ikkje ser 0-utslepps-vedtaket som ein trugsel for lokal verdiskaping og utvikling, men tvert om som ein moglegheit.



Kva tilpasningar bør Stortinget gjere i forhold til 0-utsleppsvedtaket?

Det er tydleg at alle aktørane på konferansen meiner at det bør gjerast tilpassingar i 0-utslepps-vedtaket, der det bør gjelde for heile landet og alle farty på fjorden – ikkje berre for verdsarfjordane og dei største skipa.



Beskriv med eit ord kva du meiner er det mest positive med verdsarvstatusen

A word cloud visualization showing the most positive words associated with the World Heritage status. The words are color-coded by category:

- Autentisitet (Authenticity):** autentisk, kulturen, naturverdi, naturverdi, vernet.
- Lokalmot (Local context):** lokalmot, kulturen, vernet, vernet.
- Naturvern (Nature protection):** naturvern, naturvern, vernet.
- Erkjennelse (Recognition):** erkjennelse, iimtekter, storslagen, vernet.
- Problematikk (Problems):** naturvaretakinga, spittelse, genint.
- Kvalitet (Quality):** kvalitet, kvalitetsstempel, levandekulturygd, kvalitetsstempel, kvalitet, kvalitet, beskyttelse, anerkjennelse, attraksjon, tilrettelegging, 1av1154, fjordopplevelingar, levandelandskap, kunsteksplosjon, spesielt.
- Stoltheit (Pride):** stoltheit, tilskot, unesco, fortinn, kamp, friskt.
- Bærekraft (Sustainability):** bærekraft, tilrettelegging, 1av1154, fjordopplevelingar, levandelandskap, kunsteksplosjon.
- Konflikter (Conflicts):** konflikter.
- Identitet (Identity):** identitet, markedsfortinn.
- Naturen (Nature):** naturen, sverrlaus.
- Ansvaret (Responsibility):** ansvaret.
- Marknadsføringskraft (Marketing agent):** marknadsføringskraft.
- Verdskjendt (Known worldwide):** verdskjendt, stolt, verdkjend, bekrefting, unik natur, verdenskart, moglegheiter, umistetlig, kulturlandskap.
- Eksotisk (Exotic):** eksotisk.
- Cere (Cultural):** cere.
- Magisk (Magical):** magisk.
- Berekratig (Bureaucratized):** berekratig.



Beskriv med eit ord kva du meiner er det mest negative med verdsarvstatusen

The image shows a scenic view of a fjord with mountains in the background and a boat in the foreground. Overlaid on the image is a word cloud and a vertical text column.

Vertical text from top to bottom:

- abstrakt
- negativitet
- pessimismen
- forvirrende
- slitasje
- press

Word cloud (approximate bounding boxes):

- likhet for verdsarvstatus
- peoplepollution
- hindra bøndene
- misforståelse
- ingenting
- naturslitasje
- misforståelser
- hinder
- lokalbefolkinga
- begrensninger
- naturen overbelastes
- besøkspress
- utvikling av lokalsamfunn
- framandgjering
- begrensning
- begrensingar
- kunnskapsleyse
- forplikting
- politisk
- restriksjonar
- utfordrande
- overvurdert

Beskriv med eit ord kva som må prioriterast for å utnytte verdsarvstatusen framover

Beskriv med eitt ord kva som bør vere kjernen i bodskapen om verdsarvområdet til marknadene

A wide-angle photograph of a mountainous landscape with a river winding through the valley. The sky is filled with soft, grey clouds. Overlaid on the image is a large, semi-transparent word cloud containing numerous Norwegian words in various colors (blue, red, green, yellow, orange) that describe nature, quality, and tourism.





Foto: Sverre Hjørnevik

4. Oppsummering frå paneldebatten



Paneldebatten

Deltakarar i paneldebatten:

David Undredal, Kristian Jørgensen, Rolf Sandvik, Jon Olav Stedje, Hilde Charlotte Solheim – moderator: Ståle Brandshaug

Jon Olav:

- Tilpassing av regelverk for bygging av landstraum.
- Jo fleire skip, jo meir straum blir seld, jo meir straum, jo meir pengar tener kommunen.
- Den ekstra innteninga skal gå tilbake til lokalsamfunna
- Treng modifikasjonane i vedtaket i ein periode - fram til ca. 2035

Vidar:

- Behov for både tilpassing og utvikling - ja, takk, begge delar.
- Det er lokalsamfunnet som tek risikoen ved utvikling av td. vinterturisme.
- Kva gjer me om det blir tøft etter 2026 – om reiselivsverksemder og andre får problem med å klare seg?

Paneldebatten

Kristian:

- Det grøne skiftet handlar om vilje til endring, ikkje om kompromiss.
- Vi kan byggje ein sterk destinasjon gjennom å omfamne og ta innover oss det grøne skiftet
- Vi må som næring ta ansvar for å skape ein miljømessig berekraftig framtid og slutte å kjempe mot 2026-vedtaket
- Fokusere på dei 80 % av gjestene som blir her lenger og bruker meir pengar, ikkje dei 20 % frå cruisesegmenta - ein kan auke innteninga frå dei 80 % til 100% eller meir

Hilde Charlotte:

- Vi snakkar om cruise som éin ting, men eigentleg er cruise både mindre skip og ekspedisjonsskip - for lite nyansering i debatten.
- Vi sel gode produkt på billigsal – stort potensiale for å nytte verdsarven ti å auke kvaliteten, omdømmet og prisane
- Dei landbaserte verdikjedene og lokalsamfunna må rustast til å tolle kriser
- Strategisk merkevarekompetanse er viktig at kommunane bruker ressursar på. Utvikle ein eigen og tydeleg profil- og merkevarestrategi som inkluderer bulyst og stadsattraktivitet for å tiltrekke seg kompetanse – dette er like viktig som reisemålsutvikling

Paneldebatten

Rolf:

- Treng 10 ekspedisjonsskip for å dekkje inn antall passasjerar som eit stort cruiseskip, men ekspedisjonsskipa ligg lenger til kai og nyttar fleire av dei lokale tilboda inklusiv overnatting
- Uheldig om ein vel å utsetje og mjukne opp eit vedtak som no ligg til grunn for mange selskap si satsing på teknologiutvikling – det vil undergrave berekraftsatsinga som uansett vil kome
- Verken utsleppsfrie party eller landstraumsanlegg kan matche det volumet som dagens cruiseskip representerer

David:

- Aurland kommune har ikkje gjort nok for å vedkjenne seg og integrere verdsarvstatusen.
- Verdsarvkommunane bør jobbe med å byggje omdøme som «verdsarv». Kan óg nyttast i rekrutteringssamanheng.
- Behov for bedre samordning og samarbeid om forvaltning, næring, innbyggjarar. Dette kan «fasilitast» av Verdsarvparken.
- Må legge til rette for at folk skal kunne bli her lengre. Koordinere oss betre lokalt.
- Viss vi er avhengige av noko som er eit problem og ikkje høyrer framtida til (cruise, masseturisme), så må me gjere noko med det.

Paneldebatten

Innspel frå salen:

Leif-Inge Undredal:

- Det ligg ei viktig kraft i at alle aktørane rundt verdsarvområdet samlast.
- Me må hugse at lokalsamfunnsutviklinga er målet her, ikkje reiselivet.
- Verdsarvstatusen må liggje i botn for alt samarbeid og alle strategiar
- Vi ser ut til å vere einige om at vi skal sjå på moglegitetene i dette – eit godt samfunn for bu, jobba og vere.
- Må byggje vidare på slike møteplassar som denne konferansen.

Noravl Distad:

- Ikkje UNESCO som har krevd nullutslepp i 2026 og heller ikkje utarbeidd andre restriksjonar
- Vi tenkjer for komplisert. Begrensningane er blitt for store i etterkant av verdsarvstatusen der det verste dømet er 2026-vedtaket.
- 2026-vedtaket handlar kun om å redusere utslepp - me mistar fokus på verdien av verdsarvstatusen.
- Ei samla skipsfarta står for alt for store utslepp på global basis – cruise står for berre om lag 1% av dette

Laila Kvellestad:

- Landbruksavdelinga i kommunen må ta ein større del av ansvaret for å utvikle kulturarvsbaserte produkt og opplevelinger.



5. Evaluering frå deltagarane

Evaluering av Utviklingskonferansen 2022




36 av deltakarane deltok i online evaluering i etterkant av konferansen

- 21 av 36 var «*Godt nøgd*» og 14 var «*Særs godt nøgd*» med konferansen, noko som gir ei gjennomsnittleg vurdering av konferansen på heile 4,36 av 5 som høgaste vurdering. Dette er ei særs god vurdering
- Innleiingane fekk ei samla vurdering på 4,33 av 5 som høgaste moglege vurdering, Mentimeterundersøkinga vart vurdert til 4,25, medan paneldebatten fekk ei gjennomsnittleg vurdering på 3,69.
- Heile 29 av deltakarane (80,4%) var «*Særs godt nøgd*» og resten av deltakarane var «*Godt nøgd*» med verdsarvparken sitt initiativ til konferansen. Dette syner at aktørane ynskjer at versdarvparken er initiativtakar og koordinator for dialog, møteplassar og utvikling.


Kor nøgd er du med konferansen totalt sett (1 er lågast, 5 er høgast vurdering)?

36 svar




Kor nøgd er du med innleiingane samla sett (1 er lågast, 5 er høgast vurdering)?

36 svar




Kor nøgd er du med "Mentimeter undersøkinga" i plenum (1 er lågast, 5 er høgast vurdering)?

36 svar




Kor nøgd er du med paneldebatten i plenum (1 er lågast, 5 er høgast vurdering)?

36 svar



